YNSKJER Å STARTA SENTER

PÅ VOSS

FOR AUGEOPERASJONAR

Som ein paralell til snorkeoperasjonar som er ein suksess for sjukehuset på Voss, ynskjer optikar og optometrist Alf Opheim jr og hans medarbeidarar å starta med operasjonar for skjegløygde.

Med helga hadde Opheim den tyske augnelegen dr. med. Frits Groszny på besøk, og tyskaren er villig til å utføra operasjonane. I fylgje Alf Opheim jr er Groszny mellom dei fremste i Europa, og Groszny hevdar å ha svært gode resultat med slike operasjonar i Tyskland.

Til Voss av og til

— Ideen er at me samlar opp ein del pasientar, og at tyskaren kjem til Voss når det passar inn, forklarer Alf Opheim jr.

Opheim har pasientar frå heile landet og siktar seg inn mot pasientar der det tradisjonelle norske helsevesenet ikkje har meir å tilby.

— Eit operasjonssenter på Voss ville medføra kortare ventetider for trengjande pasientar. Alternativet for mange er å reisa til Tyskland, forklarer Opheim.

«Ynskjer samarbeid»

Opheim har pasientar som fortel at det offentlege helsevesenet ikkje klarar å hjelpa dei. I staden har dei fått hjelp hjå Opheim. To av desse kom til Voss med helga for å verta undersøkte av Groszny, som arbeider etter same prinsippa som Opheim.

Me ynskjer samarbeid med

norske augnelegar, poengterer Alf Opheim jr. og legg til at dei strekkjer ut ei hand og tilbyr hjelp.

Men det offentlege helse-Noreg er i lita grad innstilt på å nytta seg av Opheim sine tenester.

Møter vanskar

På bakgrunn av motstanden frå det offentlege helse-Noreg, er det mange skjer i sjøen for eit senter på Voss for augeoperasjonar.

For det første må Frits Groszny få lisens av norske helsestyresmakter til å føreta operasjonar her i landet. Han søkte om lisens for to månader sidan, men har ikkje fått svar. I fylgje Groszny ligg søknaden i det norske byråkratiet.

I tillegg må dei ha ein stad å utføra operasjonane. Opheim har retta ein førespurnad til Voss sjukehus gjennom direktør Rolf Abrahamsen. Han har teke saka opp på ein grundig måte, men svaret er ikkje oppløftande — sett frå Opheim si side.

Samlar alt i Bergen


I eit svarbrev frå Helse Bergen til Alf Opheim viser Rolf Abrahamsen til at det aldri har vore utført augeoperasjonar ved Voss sjukehus.

— Me har ingen medisinsk spesialkompetanse innanfor fagfeltet. Me har heller ikkje kompetanse innanfor dette fagfeltet på operasjonsstovene og mellom støttepersonalet, opplyser sjukehusdirektøren i brevet.

Abrahamsen har difor lagt saka fram for sjefen for augeavdelinga i Helse Bergen, Eyvind Rødahl, og viseadministrerande direktør i Helse Bergen, Stener Kvinnsland. Konklusjonen er at Helse Bergen ynskjer å samla all augekirurgi til augeavdelinga ved Haukeland Universitetssykehus.

Kontrovers

- Det er fint om Opheim kan hjelpa pasientar som har behov for hans ekspertise. Men det er delte meiningar i fagmiljøet om hans behandlingsmetodar, seier Rolf Abrahamsen i ein kommentar til «Hordaland».
- For meg er dette vanskeleg, for det er ein kontrovers mellom Opheim og augnelege-miljøet i Bergen. Eg har fått beskjed om at det som skal gjerast av augeoperasjonar i Helse Bergen, skal skje på augeavdelinga på Haukeland. Det synest eg er naturleg, seier Abrahamsen, også ut frå ein tankegang om funksjonsfordeling, der ein ikkje spreier aktiviteten for mykje, men søkjer spesialisering.
- Vil dette seia at døra er lukka når det gjeld Voss sjukehus og Opheim sine ynskje?



TO GENERASJONAR: — Me ynskjer eit tverrfagleg samarbeid for å byggja opp eit senter, seier Alf Opheim jr og senior.

Administrativ side, også

— Eg har skrive brevet til han og klargjort Helse Bergen sitt syn. Om dette synet seinare skulle verta endra, reiser saka også ein del administrative spørsmål.

— Eitt punkt er finansierings-ordningane, som er uklare eller mangelfulle. Det meste me utfører, har refusjonsrett frå det offentlege, og me er avhengige av slike inntekter for å kunna gje eit tilbod, forklarer Abrahamsen. Me driv ikkje med aktivitet der pasientane må

dekka alle kostnadene sjølve.

— I tillegg er det ein del formalitetar med å ta inn ein tysk lege. Han må ha norsk lisens, og det er eit krav at han må kunna gjera seg forstått på norsk. Dersom han ikkje snakkar norsk, har han ikkje lov til å praktisera her i landet. Eg har aldri høyrt om unntak frå den regelen, poengterer sjukehusdirektøren.

— Opheim sin pasienttilgang frå alle delar av landet syner at mange set pris på hans tilbod. Det han no prøver å få til, er uansett interessant for dei som ventar på hjelp. Slik eg ser det, er beste alternativet for Opheim å prøva å starta opp eit tilbod i privat regi. Men det ligg ein del formalitetar i det også, seier sjukehusdirektøren.

— Det er altså mykje som må på plass før det kan verta aktuelt med å starta opp eit slikt tilbod ved Voss sjukehus. Om tilhøva seinare skulle liggja betre til rette for det, kan ideen likevel vera interessant for oss, seier sjukehusdirektøren, som lovprisar Opheim sitt engasjement for pasientgruppa.

«Gode mogelegheiter»

Alf Opheim jr. ynskjer ikkje å gje opp, og jobbar vidare med planane.

— Spørsmålet er i grunnen: vil me dette? Om ikkje, er alternativet for våre pasientar å reisa til Tyskland, og då må dei få dekka utgifter med reise, og får i tillegg 6-12 månaders ventetid. Kva kostar ikkje det av utgifter for det offentlege?

— Me har heile tida søkt samarbeid, og ynskjer eit tverrfagleg samarbeid for å byggja opp eit senter for skjegleoperasjonar. Me har gode mogelegheiter til å byggja opp eit tilbod på Voss, dersom me vil, meiner Alf Opheim jr.

GEIR GEITLE | tekst og foto gg@avisa-hordaland.no